



DEN NORSKE KYRKJA
Bremnes sokneråd

MØTEBOK BREMNES SOKNERÅD

Desse møtte: Asbjørn Gundersen, Lene Fylkesnes Nesse, Hanna Sortland Raknes, Kjersti Mæland, John Olav Habbestad, Åse Innvær, Astrid Farestveit Gane, Torunn Tveita, Margot Totland Laurhammer

Varamedlemmer:

Møtestad: Bremnes Kyrkje
Tid: Tysdag 04.02.2020 kl.19.00

Sak 02-01-20: Godkjenning av innkalling

Sak 02-02-20: Godkjenning av møtebok 07.01.2020

Sak 02-03-20: Referatsaker
Møtebok frå AU 04.02.2020

Sak 02-04-20: Økonomi
Økonomisk status

- Orientering om økonomi og div overføringer. God økonomi pr i dag.
- Hanna har vore på regnskapskurs med Mona Ingvaldsen og Trygve Leigland.

Sak 02-05-20 Orientering frå dei ulike utvala/komitèane

Fellesrådet – John Olav:

- Kort orientering om saker det arbeidast med.

Trus opplæring – Torunn/Kjersti:

- Har vore med på fyrste utvalsmøte.

Diakoniutvalet - Hanna:

- Vanskeleg og få tak i folk til utvalet, dei er no 3 medlemmer. Treng og folk til div oppgåver. Skal ha sitt fyrste møte for å koma i gong.

Kyrkjevertar - Torunn:

- Treng framleis fleire folk. Ein oppmodar kvar medlem i soknerådet til å koma med forslag til minst to personar til neste møte.
- John Olav kontaktar Sissel Habbestad for å koma og halde førstehjelpskurs for kyrkjevertane.

Dåpsvertar - Kjersti:

- Kort orientering om dåpsgudstenester frå Asbjørn.

Nattverdsvertar – Kjersti:

- Her har ein nok folk. Nokon dåpsvertar kan og vera med som vert i tillegg til dåp. Asbjørn og Kjersti kallar inn til et lite orienteringsmøte med desse.

Sak 02-06-20 Informasjon frå kyrkjelydspedagogane

Laila Røyksund var og informerte om arbeidet til kyrkjelydspedagogane. Dei gjer møkje godt arbeid.



DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

Sak 02-07-20 Innkjøp av div teknisk utstyr til kyrkja

Gjennomgang av prioriteringsliste frå kontor for innkjøp av div teknisk utstyr til kyrkja.

- Reparasjon av høgtalarar – pris
- 2 stk delay høgtalarar bak under galleri – pris 25.000 (max)
- 5 stk kormikrofonar AKG 480 – pris 22.500
- Mikrofon lesepult – pris 7.500 (max)
- 2 stk monitorar – pris 5.000
- TV-monitor gallerikant/søyle 55" – pris 2.500

Vedtak: Soknerådet tek informasjon frå kontor om kjøp av teknisk utstyr til orientering, og tek dette med vidare i arbeid med budsjett for 2020.

Sak 02-08-20 Kaffimaskin til kjøkkenet

Forslag til innkjøp av kaffimaskin/traktar til kyrkja (prøver å få brukt). John Olav sjekker

Vedtak: AU tar ansvar for at det vert kjøpt inn ny kaffimaskin/traktar til kyrkja.

Sak 02-09-20: Konto for Barnekantori

Denne kontoen foreslår ein avslutta og pengar overført til konto for Bremnes Sokneråd.

Vedtak: Overføre kr 22 139,- og øyremerke pengar til innkjøp av teknisk utstyr til kyrkja

Sak 02-10-20: Rydding/Organisering

Div rydding og organisering i kyrkja (sakristi, våpenhus og ferdigstilling av gang på galleriet)

Vedtak: 3. mars kl 18:00 møtes dei som kan i kyrkja for organisering og rydding

Sak 02-11-20: Tilsynsvakter

Forlag til å få tak i personar som kan vera med og ha ansvar og hjelpe til under utleie av kyrkja.

Forslag til vedtak: Soknerådet tek kontakt med aktuelle aktørar som er kjend i kyrkja, og prøver å gjere avtale om tilsynsvakt ved utleige av kyrkja. Tilsynsvakt vert honorert etter satsar vedtekne i fellesrådet, i samband med utleigesatsar.

- Sak utsett til neste møte

Sak 02-12-20: Orienteringssaker

Sak til orientering frå Fellesrådet:

Utleierate

Utleierate for Bremnes kyrkje er pr i dag 20% av bruttoinntekt for arrangør utanfor kommunen. Øystein foreslår at ein tar opp til vurdering og endre denne til 15% då dette er normal rate andre stader, og meir interessant for utanforståande arrangørar.

Fellesrådet arbeider med å setje nye satsar som vert like for alle 4 kyrkjene.